



hordangerbadet
frisk og aktiv



Årsmelding
2023




Foto: Bård Valvatne, Hordaland folkeblad

Fekk draghjelp av sola

Straumutgiftene til Hardangerbadet er reduserte. Årsak? Nye solcellepanel på taket.

Tekst frå Hordaland folkeblad ved Bård Valvatne, 20.09.2023.

Arbeidet med å montera solcellepanela tok til tidleg i mai. Vanskar med å festa panela på ein forsvarleg måte gjorde at arbeidet tok meir tid enn venta. 14.juli var anlegget ferdig og i drift. Anlegget produserer straum til heile huset og ikkje berre til badeanlegget.

Solcelleanlegget kosta 2,3 millionar kroner. Prosjektet fekk eit investeringstilskot frå Enova på om lag 1,4 millionar kroner. Dermed stod det 883 000 kroner att å betala for eigarane. Desse vart fordelte etter eigarbrøken: Kvam Herad betalte 40 prosent, medan sameiga betalte 60 prosent.

Med ein gjennomsnittleg straumpris på éi krone per kilowattime kan anlegget ha tent inn kostnaden på mindre enn seks år. Panela er venta å ha ei levetid på om lag 30 år.



Oversikt

4. Innleiing
6. Verksemda, drifta og bygget
7. Fasilitetar
8. Arbeidsmiljø, sjukefråvær og likestilling
10. Tryggleik og HMS
11. Aktiviteten i Hardangerbadet
13. Styret, administrasjon og økonomi
15. Badebutikk og kafé
16. Samarbeid og synergieffektar
17. Miljøansvar
18. Oppsummering

frisk og aktiv



Innleiing

Ja, kva kan eg fortelja om året 2023 for Hardangerbadet AS? Eit år der eg kun deltok i siste innspurt før årsskiftet.

Det eg veit frå tidlegare er at Hardangerbadet har hatt nokre tunge oppstartsår grunna korona som dukka opp berre få månader etter opning. Samfunnet er opna att for lenge sidan, og me kan heldigvis leggje korona bak oss.

I 2022 arbeida ein mot ei økonomisk løysing i samarbeid med Kvam Herad og Hardangerbadet Eigedom som skulle skapa ei lysare framtid for badet. Resultatet vart auka tilskot frå Kvam herad og redusert husleige frå Hardangerbadet Eigedom for året 2023, noko som førte til at Hardangerbadet hadde sitt fyrste driftsår med overskot.

Stønaden har bidrege til ei meir stabil drift i året 2023, der ein endeleg har kunna løfta blikket høgare og sett framover. Dette har vore viktig både for badet, for dei tilsette og for alle dei badeglade gjestane våre. Stønaden fortset ut året 2024, med nye forhandlingar til hausten.

2023 har vore eit år der det har vore fokus på å redusere kostnader. Tidlegare dagleg leiar har lagt inn arbeid for å på plass solcelleanlegg på taket i Hardangerbadet. Noko ein vil ha glede over i tida framover.

Det har også vore fokus på å byggja attraktive og sosiale gruppetimar i badet, heilt frå dei yngste til dei eldste. Dette har vorte teke godt i mot av innbyggjarane, som flittig melder seg på babysymjing, crawl – kurs, aquagym og anna. Ikkje berre er det ei teneste, eit tiltak for folkehelsa, men også viktig for omsetjinga.

For min del gjekk eg inn dørene som tilsett i Hardangerbadet for litt over 4 år sidan. Den gongen var ikkje tankane mine i nærleiken av at eg ein gong skulle få vere så heldig å ha ansvar for drifta av dette badet. I november 2023 var eg tilbake for fullt, og eg har hatt det så moro!

Hardangerbadet har kjekke tilsette, varierte arbeidsoppgåver, og eit hav av moglegheiter. Moglegheit til å skapa nyttige og effektive aktivitetsgrupper, til å vere ein sosial samlingsplass og til å auka symjedyktigheita blant born og unge i kommunen.

Eg ser fram til å vidareføra det gode arbeidet i Hardangerbadet, til å helsa på hyggjelege sambygdingar og tilreisande, og til å skapa eit levande og attraktivt bad til glede for store og små!

Refleksjonar frå dagleg leiar Natalie Nisamjan



*Etablere nye berekraftige og
samfunnsnyttige helsetenester.*

*Gjennom synergi skapa
vekstkraft, arbeidsplassar
og styrkja Hardanger som
lokalsamfunn og reisemål.*



Verksemda, drifta og bygget



Foto: Hundven-Clements, Link Arkitektur

Hardangerbadet er eit moderne symje-, og badeanlegg som stod ferdig og opna for publikum 26.12.2019. Hardangerbadet har eit bruttoareal på 6200m² og er teikna av LINK arkitektur.

Verksemda er lokalisert i Hardangerfjordvegen 615, Øystese i Kvam herad.

Bygget er inndelt i to seksjonar der Hardangerbadet Eigedom AS (HBE) eig 60% og Kvammabadet KF (KB KF) eig 40%. Kvam Kvammabadet KF er eit kommunalt føretak under Kvam herad.


KB KF eig 25m treningsbasseng, 12,5 m opplæringsbasseng og garderober. HBE eig resten av bygget, familiebasseng, næringsareal og helseareal.

HB AS har ansvar for å drifta anlegget. Det er to avtalar som viser kva ansvar og forpliktingar selskapet har:

1. Leigeavtale mellom HBE og HB, signert 10.des. 2019
2. Drifts- og samarbeidsavtale mellom partane, KB KF, HB AS og HBE AS, signert 22.sept.2020

Leigeavtalen mellom HBE og HB skildrar plikter og oppgåver mellom partane.

Drifts- og samarbeidsavtalen styrer drifts- og vedlikehaldsansvar samt kostnads- og inntektsfordeling mellom partane.




Planteikning

Fasilitetar

- 25-metersbasseng med seks symjebanar, som held 28 grader.
- Familiebasseng med straumkanal, klatrevegg, massasjedusj og leikepytt, som held 29 grader.
- Opplæringsbasseng (12,5m) som held 33,5 grader.
- Vassklie, 1 meters stupebrett og 3 meters stupetårn.
- Sauna i fellesareal.
- Garderobeanlegg med omkledningsrom for familier.
- Kafé med sitjeområde både inne i badet og i foajeen.
- Resepsjon
- Badebutikk
- Treningsrom

– og verdas finaste utsikt!



Arbeidsmiljø, sjukefråvær og likestilling



Hardangerbadet AS sysselsette i 2023 inntil 9,3 årsverk, fordelt på 30 tilsette i små og større stillingar. Løn og arbeidsvilkår vert sett med utgangspunkt i tariff og styrt av AML.

Hardangerbadet skal vera ein arbeidsplass der det er likestilling mellom kvinner og menn. Likestilling mellom kjønn vert sikra gjennom den daglege drifta. Hardangerbadet ynskjer til ei kvar tid å ha både menn og kvinner på jobb for å kunne utføra dei oppgåvene som er naudsynt for drifta av badet. Fordelinga mellom kvinner og menn i føretaket er jamn og kjønnsbalansen svingar litt frå år til år.



Gjennomsnittleg legemeldt sjukefråvær i 2023 var 8,6%, noko som er høgare samanlikna med året før. Sjukefråværet ligg 4% høgare enn i bransjen. Legemeldt kortidsfråvær ligg på 0,6%, medan det langtidssjukemelde fråværet er på 8,0%. Sjukefråværsstatistikken er henta frå NAV. Sjukemeldte tilsette har hatt kontinuerleg

oppfølging av dagleg leiar i samsvar med NAVs retningslinjer. Sjukemeldingane er oppgitt av dei tilsette til å ikkje vere arbeidsrelaterte. Sjølv om sjukefråværet er angitt til å ikkje vere arbeidsrelatert er utviklinga av sjukefråværet i Hardangerbadet ikkje tilfredsstillande. Relevante tiltak vert løfta fram under styremøtene.

Alderssamansetninga blant dei tilsette fordeler seg frå 14 til 75 år. Hardangerbadet har frå fyrste dag fokusert på å byggja eit godt arbeidsmiljø. Føretaket legg til rette for integrering og opplæring, og har tilsette frå ei rekke ulike nasjonalitetar. I 2023 er både Syria, Nederland og England representert, i tillegg til Noreg.

For mange unge badevertar er Hardangerbadet det fyrste møtet med arbeidsgjevar, og dette er eit ansvar føretaket må forvalte på ein god måte. Tryggleik, reinhald, service og venskap er alltid i fokus, det gjeld både internt i verksemda og i møte med gjestane våre. Tilbakemeldingar frå dei tilsette er at dei trivs på arbeidsplassen.

Snittalder:
30,9 år



◆ Bransje: Sports- og fritidsaktiviteter og drift av fornøylesetablissementer

● Virksomhet: HARDANGERBADET AS





Tryggleik og HMS

Badevertane vert oppmoda til å registrere alle avvik, store og små. Slik kan ein avdekke både dei små tinga som er enkle å fikse, og ein kan fange opp kritiske feil og manglar før det utviklar seg til noko meir alvorleg. Tryggleik, service og reinhald er det viktigaste badevertane jobbar med. Gode rutinar og jamnleg opplæring skapar ei trygg ramme og gode opplevingar for alle som vitjar Hardangerbadet.

Verdien av god tryggleik for badegjestane ligg i tilsyn og førebygging av hendingar, samstundes som det er gode rutinar ved ei alvorleg hending knytt til livredning, fyrstehjelp og bassengforureining.

Badevertane må gjennom halvårlege sertifiseringar for å kunne jobba som badevert. Alle må bestå tryggleikskursa innan livredning og fyrstehjelp. I tillegg har badevertane jamnleg eigentrening. I 2023 vart det gjennomført livredningskurs med variert fokus, både innan grunnleggjande hjarte- og lungeredning, bruk av hjartestartar, dykketest og øving på ulike scenario som kan oppstå i badet som er relevant for arbeid i og ved bassenget.

I tillegg vart det i regi av Ambulansetenesta utført ei øving i Hardangerbadet der fastlegar hjå Helsebanken vart innkalla til nødandrop frå hending i badet. Her samarbeida fastlegane og dei tilsette badevertane i øvinga, som denne gongen gjaldt kasus om drukning, samt eit kasus om mogleg hjertestans.


Aktiviteten i Hardangerbadet

Fordelinga av kven som har besøkt Hardangerbadet i 2023 syner at det er besøkande med enkeltbillett som utgjer den største kundegruppa. Datagrunnlag frå kassasystemet syner òg at det vart seld fleire enkelt billettar i helgar og feriar, medan medlemar oftare kjem på besøk i vekedagane. Besøkstalet for 2023 er 47 622. Det er ei auke på 7% frå 2022.

Medlemstalet i utgangen av 2023 var 787 og held seg stabilt.

Det har i løpet av året vore ei auke i gjester som er tilreisande, noko som vert synleggjort via besøksstatistikken. Det har også vore fokus på å skapa kurs og arrangement som dei lokale i Kvam herad kan nytte seg av. Fokus på arrangementa våre er at dei skal bidra til inkludering, sosialt samvær og gi betre helse.

I 2023 vart Hardangerbadet ein av arrangørane i Kvam Herad sitt tilbod om fritidskort. 140 born i alderen 6 – 18 år nytta Hardangerbadet som mottakar av fritidskortet.



Øystese Cup er eit viktig arrangement for å generere aktivitetar og inntekter til bygda. Hardangerbadet arrangerte poolparty for unge fotballspelarar begge helgene, med stor suksess.



TA DEG EIT
HARDANGERBAD!



- Vassdrag med fjordutsikt
- Familiebasseng
- Stupetårn
- Treningsbasseng
- Terapi- og opplæringsbasseng
- Treningsrom
- Sauna

Hardangerfjordvegen 615, 5610 Øystese • Tlf. 90 50 64 36 • E-post: post@hardangerbadet.no • www.hardangerbadet.no



Aktivitetar i 2023

- Symjekurs for vaksne
- Gymlassen for ungdom
- Badelappen
- Babysymjing (51 små deltok i 2023)
- Småbornsymjing
- Trygg i vatn
- Lett sveitt
- Badebursdag.

Bassengtrening er vårt mest populære treningstilbod. Desse går kontinuerleg heile året med unntak av i feriar og heilagdagar. I 2023 gjekk det fast 6 timar per veke. I tillegg har Kvam Revmatikarlag, samt Kvam LHL, faste treningar kvar veke i terapibassenget.

Totalt finns det 13 treningstimar kvar veke, med ulik intensitet, der kvemmingane held seg friske og aktive.

Heile 291 badeglade barn fekk delta i badebursdag gjennom året.



Styret, administrasjon og økonomi

Styret

Dag Jarle Aksnes	Styreleiar
Hans Jørgen Andersen	Nestleiar
Marit Buttingsrud	Styremedlem
Olav Botnen	Styremedlem
Caroline Stryker-Vassnes	Styremedlem
Samson Håland	Varamedlem

Administrasjonen

Anita Storemark	Dagleg Leiar
Natalie Nisamjan	Dagleg Leiar
Kristian Børve	Teknisk Leiar

Styret har gjennomført 5 møter i 2023 og handsama 31 saker.

Dagleg leiar møter fast til alle styremøte og er styret sin sekretær.

Ny dagleg leiar, Natalie Nisamjan, overtok stillinga til Anita Storemark f.o.m. 01.01.2024.

Drift

Styret stadfestar at forutsetning om vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Den framlagte resultatrekneskapen og balansen gir eit tilfredsstillande uttrykk for resultatet i 2023 og den økonomiske stillinga ved årsskiftet.

Utgreiing av årsrekneskapen

Selskapet nådde eit resultat i 2023 på kr 506 074,- mot eit resultat på kr -1 424 109,- året før.

Selskapet har pr. 31.12.23 ein bokført eigenkapital på kr 955 780,-
Total balansesum er på kr 4,1 mill.

Øystese 11. april 2024



Dag Jarle Aksnes
Styreleiar

Hans Jørgen Andersen
Nestleiar

Marit Buttingsrud
Medlem

Olav Botnen
Medlem

Caroline Stryker-Vassnes
Medlem





Badebutikk og kafé

- Badetøy til alle, i alle storleikar
- Alt du treng og litt til
- Nevemat, is og kaffi til svoltne gjester
- Utstyr og kle til bading, ute og inne



Omsetning i butikk og kafé er avhengig av helger og ferier med mykje besøk.

Ordet om open kafé har spreidd seg, og me har fleire faste grupper innom for kaffi med noko lite attåt.

I butikk og kafé er det fokus på bestselger, volum på riktige varer, samt eit lite utval for dei kresne.



Samarbeid og synergieffektar

Hardangerbadet er avhengig av, og ynskjer, gode samarbeid med andre lokale verksemdar. Auka aktivitet skapar betre helse, ei betre og meir attraktiv bygd å bu i, fleire arbeidsplassar og auka omsetning for alle.

Våre samarbeidspartnarar i 2023, og framover i tid, er blant andre:

- Hardangerfjord Hotel
- Helse i Hardanger
- Thon Hotel Sandven
- Kvam herad
- Optima pH
- Hardanger Akvasenter
- Hardangerbadet Fysioterapi
- Øystese Fotball
- Øystese IL
- Min Blom

DUSJ NAKEN
FØR DU GÅR I BADET

> VASK
> SKYLL
> BAD
> SKYLL

Slik held vi badet reint


hardangerbadet
hardangerbadet.no  

Miljøansvar

Bransjen som Hardangerbadet er ein del av, er ingen versting når det kjem til forureining eller utslepp som kan påføre skade for det ytre miljøet, utover det som er normalt. Likevel, i lys av høge straumkostnadar og stort forbruk av kjemikaliar, vart det naudsynt og teneleg å ta grep i 2022. Optima produkta har fungert godt til mesteparten av våre behov, og vil difor nyttast i tida framover.



- Utvikle og installere marmorfilter som reduserer forbruket av syreprodukt i vasshandsaming.
- Redusering av energibruk ved installering av tids- og behovsstyring, justering av diverse installasjoner.
- Enøktiltak, solcellekraft.
- Redusere kjemikaliebruk og betre HMS i dagleg reinhald ved å byte ut alle syreprodukt med naturlege produkt frå Optima Ph.
- Tilby naturlege Optima Ph produkt til våre gjestar i dusjanlegget.
- Nytte bakevarer i kaféen frå produsent som reduserer matsvinn.



Oppsummering

Styret er nøgd med ein auke i besøkstal, omsetning og aktivitetsnivå i 2023. Verksemda genererer større samfunnsverdiar enn dei isolerte driftskostnadane som vert generert. Hardangerbadet skapar arbeidsplassar, attraktivitet til innbyggjarane og tilreisande, og økonomiske synergieffektar i kommunen. Hardangerbadet er ikkje berre ein arena for fysisk aktivitet. Det er ein stad for samvær, sosialisering og integrering. Det er ein arena for leik og moro, for både unge og eldre.

Som nemnd tidlegare betra den økonomiske situasjonen til Hardangerbadet seg i 2023 grunna auka tilskot og reduserte husleige-kostnadar, noko som resulterte i at badet hadde sitt fyrste driftsår med overskot.

Folkehelse, symjeferdigheiter og eit lågterskel-tilbod for fysisk aktivitet og sosialt samvær. Dette er nokre av verdiane som er leverte til over 47.000 menneske i Hardangerbadet, og er noko Kvam kan vera stolt av.

Hardangerbadet – meir enn berre eit bad!

Resultatrekneskap

	Note	2023	2022
Driftsinntekter			
Salsinntekt		7 131 761	6 798 096
Annan driftsinntekt		11 506 101	7 901 557
Sum driftsinntekter	1, 2	18 637 861	14 699 652
Driftskostnader			
Varekostnad		-1 107 057	-1 088 795
Lønnskostnad		-5 184 999	-4 375 331
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eigendelar	3, 4	-113 036	-127 282
Annan driftskostnad	5	-11 700 346	-10 573 902
Sum driftskostnader		-18 105 438	-16 165 311
Driftsresultat		532 423	-1 465 658
Finansinntekter			
Annan renteinntekt		3 643	52
Annan finansinntekt		18 045	16 378
Sum finansinntekter		21 688	16 429
Finanskostnader			
Nedskrivning av finansielle eigendelar		-45 000	0
Annan rentekostnad		-122	25 120
Annan finanskostnad		-2 915	0
Sum finanskostnader		-48 037	25 120
Netto finans		-26 349	41 549
Resultat før skattekostnad		506 074	-1 424 109
Årsresultat		506 074	-1 424 109
Overføringer			
Udekka tap		506 074	-1 424 109
Sum overføringer		506 074	-1 424 109

Balanse

EIGENDELAR	Note	2023	2022
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	5	70 647	36 268
Maskiner og anlegg	5	73 287	34 409
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner, ol.	5	158 475	227 162
Sum varige driftsmidler		302 409	297 839
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler		55 000	55 000
Sum finansielle anleggsmidler		55 000	55 000
Sum anleggsmidler		357 409	352 839
Omløpsmidler			
Varer			
Varer		370 424	276 108
Sum varer		370 424	276 108
Fordringer			
Kundefordringer		95 121	209 836
Kortsiktige konsernfordringer	6	0	1 000 000
Andre kortsiktige fordringer	7	220 870	318 754
Sum fordringer		315 992	1 528 590
Bankinnskudd, kontanter og liknande			
Bankinnskudd, kontanter og liknande		3 037 456	615 142
Sum bankinnskudd, kontanter og liknande		3 037 456	615 142
Sum omløpsmidler		3 723 872	2 419 840
SUM EIGENDELAR		4 081 282	2 772 679

EGENKAPITAL OG GJELD	Note	2023	2022
Eigenkapital			
<i>Innskutt egenkapital</i>			
Aksjekapital	8, 9	1 581 369	1 581 369
Beholdning av egne aksjar	8, 9, 10	-5 000	-50 000
Overkurs	9	1 330 255	1 330 255
Annan innskutt egenkapital	9	1 000 000	1 000 000
Sum innskutt egenkapital		3 906 624	3 861 624
<i>Opptjent egenkapital</i>			
Udekka tap	9	-2 950 844	-3 456 919
Sum opptjent egenkapital		-2 950 844	-3 456 919
Sum egenkapital		955 780	404 705
Gjeld			
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Leverandørgjeld		372 580	507 634
Skyldige offentlege avgifter		913 311	213 386
Kortsiktig konserngjeld		300 000	300 000
Annan kortsiktig gjeld	6	1 539 613	1 346 955
Sum kortsiktig gjeld		3 125 504	2 367 974
Sum gjeld		3 125 504	2 367 974
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		4 081 284	2 772 679

Øystese 11. april 2024

Dag Jarle Aksnes
Styreleiar

Hans Jørgen Andersen
Nestleiar

Marit Buttingsrud
Medlem

Olav Botnen
Medlem

Caroline Stryker-Vassnes
Medlem

Notar

Rekneskapsprinsipp

Hardangerbadet AS starta si ordinære drift per 15.12.2019. Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små føretak.

Salsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei vert levert.

Offentlege tilskot

Offentlege tilskot rekneskapsførast til verdien av tilskotet på transaksjonstidspunktet. Tilskot resultatførast samtidig med inntekta det skal auke eller kostnaden det skal redusere. Resultatføring av tilskot skjer når det er sannsynleg at betingingane for tilskotet er, eller vil verta, oppfylt.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Anleggsmidlar er eigendelar bestemt til varig eige eller bruk. Eigendelar som er knyttet til varekretsløpet er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar klassifiserast som omløpsmidlar om dei forfell til betaling innan eitt år etter transaksjonsdagen. Tilsvarande klassifiserast gjeld som kortsiktig om gjelda forfell til betaling innan eitt år.

Omløpsmidlar vurderast til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld balanseførast til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Anleggsmidlar vurderast til anskaffelseskost. Varige anleggsmidlar vert avskrивne etter ein fornuftig avskrivningsplan. Anleggsmidlane vert nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje forventast å vera forbigåande. Langsiktig gjeld med unntak av andre avsetningar vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane.

Varebeholdningar

Lager av innkjøpte varer er verdsatt til lågaste verdi av anskaffingskost etter FIFO- prinsippet og verkeleg verdi. Det vert foretatt nedskrivning for pårekeleg ukurans.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar vert balanseført og avskrive over driftsmidlane si levetid dersom dei har antatt levetid over 3 år og har ein kostpris som overstiger kr 15 000. Direkte vedlikehald av driftsmidlar vert kostnadsført løpande under driftskostnader, mens påkostingar eller forbedringar vert tillagt driftsmidlet sin kostpris og vert avskrive i takt med driftsmidlet.

Skatt

Skattekostnaden i resultatrekneskapet omfattar både periodens betalbare skatt og endring i utsatt skatt. Utsatt skatt er berekna med 22% på grunnlag av dei midlertidige forskjellar som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdier, samt skattemessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret. Skatteaukande og skattereduserande midlertidige forskjellar som reverserer eller kan reversere i same periode er utligna og skattevirkninga er berekna på nettogrunnlaget.

For øvrig er følgande rekneskapsprinsipp anvendt:

Forsikra pensjonsforplikting er ikke balanseført - kostnaden er lik premien. Pensjonsforpliktingar knytt til AFP-ordninga er ikkje balanseført. Leigeavtalar er ikkje balanseført. Fordringar og gjeld i utanlandsk valuta er verdsatt til kursen ved rekneskapsårets slutt. Kursgevinstar og kurstap i utanlandsk valuta vert ført som finansinntekt og finanskostnad.

Selskapet har ikkje endra rekneskapsprinsipp frå 2022 til 2023.

Note 1 - Offentleg tilskot og avrekning mot fjoråret

	2023	2022
Avrekning mot fjoråret Kvam herad	1 658 460	1 422 416
Underskotsdekning Kvam herad	1 100 000	1 000 000
Underskotsdekning kausjonistar	930 000	1 000 000
Underskotsdekning Hardangerbadet Eiendom AS	100 000	
Kvam herad, tilskot regionalforvalting		25 000
Enova energitilskot		4 800
Sum offentlig tilskot og avrekning fjorår	3 788 460	3 452 216

Note 2 - Annan driftsinntekt

	2023	2022
Viderefakturerte kostnader	7 653 027	4 234 104
Andre inntekter	64 613	215 237
Sum annan driftsinntekt	7 717 640	4 449 341

Note 3 - Lønnskostnader

Spesifikasjon av lønnskostnader

	2023	2022
Lønn	4 388 553	3 815 160
Arbeidsgivaravgift	507 987	422 223
Pensjonskostnader	121 108	72 023
Andre relaterte ytelsar	167 351	65 925
Sum	5 184 999	4 375 331

Meir om årsverk og løn

Verksemda er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Gjeldande pensjonsordning oppfyller krava etter loven.

Note 4 - Antall årsverk

Antall årsverk sysselsatt i regnskapsåret: 9,3

Note 5 - Varige driftsmidler og immaterielle eigendelar

	Varige driftsmidler
Anskaffingskost 01.01.	621 060
Tilgang i året	117 606
Avgang i året	0
Anskaffingskost 31.12.	738 666
Samla avskrivningar, nedskrivningar og reverseringar av nedskrivningar	-436 258
Balanseført verdi per 31.12.	302 408
Avskrivningar, nedskrivningar og reverseringar av nedskrivningar i rekneskapsåret	113 036

Note 6 - Konsern, tilknyttta selskap m.v.

Morselskap som ikkje utarbeider konsernrekneskap

Transaksjoner med datterselskaper

Hardangerbadet AS betalte husleige til Hardangerbadet Eiendom AS på 2,8 mill. kroner i 2023. Hardangerbadet AS vidarefakturerte driftskostnader til Hardangerbadet Eiendom AS for 2,6 mill. kroner i 2023.

Fordringar

	2023	2022
Samla beløp som gjeld føretak i same konsern	0	1 000 000

Kortsiktig gjeld

	2023	2022
Samla beløp som gjeld føretak i same konsern	300 000	300 000

Note 7 - Lån og sikkerheitsstillelse til leiande personar, eigarar med vidare

Det er ikkje gitt lån eller sikkerheitsstillelse til medlemmer av styrande organ.

Note 8 - Aksjekapital

Aksjeklasse	Antal aksjar	Aksjenes pålydende	Bokført verdi
Ordinære	1 581 369	1	1 581 369

Aksjonærer	Antal aksjar	Eigarandel %	Aksjeklasse
Hardangerbadet Eigedom AS	1 423 350	90,01	Ordinære
Øystese Næringslag	34 695	2,19	Ordinære
Nexus Marketing, Rune Frisvold	26 506	1,68	Ordinære
Lingalaks AS	10 000	0,63	Ordinære
Martin Vik	9 108	0,58	Ordinære
Tecno VVS AS	8 103	0,51	Ordinære
Kjosås Eiendom AS	5 650	0,36	Ordinære
Kleppe Eiendomsselskap AS	5 607	0,35	Ordinære
Kvam Elektro AS	5 205	0,33	Ordinære
Hardanger Bil AS	5 173	0,33	Ordinære
Hardanger Betong AS	5 103	0,32	Ordinære
Coop Hordaland DA	5 077	0,32	Ordinære
Flotve Eiendom AS	5 000	0,32	Ordinære
Jan Mo AS	5 000	0,32	Ordinære
Kjosås Maskin AS	5 000	0,32	Ordinære
Nils Aksnes & Co AS	5 000	0,32	Ordinære
Øystese Mek Verksted AS	5 000	0,32	Ordinære
Alsaker Fjordbruk AS	5 000	0,32	Ordinære
Hardangerbadet AS	5 000	0,32	Ordinære
Optiker Bjelland AS	1 500	0,09	Ordinære
Hardanger Trening AS	530	0,03	Ordinære
Link Arkitektur AS	402	0,03	Ordinære
MX Sport Øystese AS	129	0,01	Ordinære
HARDANGER REVISJON AS	103	0,01	Ordinære
KV Teknisk AS	77	0,00	Ordinære
Øystese sanitetslag	51	0,00	Ordinære
Totalt antal aksjer	1 581 369	100	

Note 9 - Eigenkapital

	Aksjekapital	Overkurs	Annan innsk. EK	Udekka tap	Sum
Eigenkapital 31.12.2022	1 531 369	1 330 255	1 000 000	-3 456 919	404 705
Årsresultat	0	0	0	506 074	506 074
- Sal av egne aksjer	45 000	0	0		45 000
Eigenkapital 31.12.2023	1 576 369	1 330 255	1 000 000	-2 950 844	955 780

Note 10 - Eigne aksjar og medlemskontoar i samvirkeføretak

	Antal	Aksjens pålydende	Andel av aksjekapital %
Beholding av egne aksjar	5 000	1	0,32

Note 11 - Midlertidige forskjellar - utsatt skatt/skattefordel

Utsett skatt/utsett skattefordel i balansen vert avsett på grunnlag av forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar i medhald til norsk rekneskapsstandard for skatt. Midlertidige skatteaukande og skattereduserande forskjellar som kan utliknast er nettoført.

Midlertidige forskjellar knytta til:	01.01.2023	31.12.2023	Endring
Anleggsmidlar	-16 227	-43 221	26 994
Omløpsmidlar	-72 389	-74 491	2 102
Fremførbart underskot	-6 857 814	-6 268 613	-589 201
Kortsiktig gjeld	0	0	0
Andel skattepliktig avsatt utbytte	0	0	0
Netto forskjeller	-6 946 430	-6 386 325	-560 105
Skattereduserande forskjellar som ikkje kan utliknast	6 946 430	6 386 325	560 105
Sum midlertidige forskjellar som påvirkar betalbar skatt	0	0	0
Utsett skatt 31.12.2023 basert på 22 %	0	0	0


Utsett skattefordel balanseførast ikkje, dette i medhald til God rekneskapsskikk for små føretak.

Note 12 - Spesifisering av skatt

Skattepliktig inntekt	2023	2022
Resultat før skatt	506 074	-1 424 109
Permanente forskjellar	54 031	9 985
+/- Endring i midlertidige forskjellar	29 096	1 092 019
- Anvendelse av framførbart underskot	-589 201	0
Skattepliktig inntekt	0	-322 105

Usikkerheit om fortsatt drift

Det er knytt usikkerheit til fortsatt drift. Forutsetninga om fortsatt drift er til stades, og årsrekneskapet for 2023 er sett opp under denne forutsetning. Det vart i 2020 inngått drifts- og vedlikehaldsavtalar med Kvammabadet KF og med Hardangerbadet Eigedom AS. I budsjettet for 2024 har dette ein verdi på ca. 6,5 mill. kroner av Hardangerbadets budsjetterte inntekter på 16,8 mill. kroner. Eigenkapitalen er lågare enn forsvarlig ut frå risikoen ved og omfanget av verksemda i selskapet. Styret har iverksatt tiltak for å sikre fortsatt drift. Avtalen med Kvammabadet KF og Hardangerbadet Eigedom AS skal reforhandlast i 2025.



hardangerbadet

